

Til opplæringsavdelinga
Sogn og Fjordane fylkeskommune

Førde 28.09.2018

Svar på dykkar brev angående opplæringstilbodet for 2019-2020 og konsekvensar av ny yrkesfagleg struktur. Sak nr. 18/7760-8.

VG2 køyretøy

Det er godt med søkjarar til VG2 køyretøy og bilbransjen kan ta fleire lærlingar enn det var avgangselevar frå i desse klassane i år. Bransjen har i år teke inn fleire vaksne lærlingar og to søkjar i frå andre fylke.

Dei siste åra har fylket gjort vedtak om å utlyse 33 plassar på VG2 køyretøy i Sogn og Fjordane. Vi ber om at alle VG2 køyretøy klassane blir utlyst med 12 plassar slik at det totalt blir 36 plassar i fylket på VG2 køyretøy.

VG2 bilskade, lakk og karosseri

Alle avgangselevar har fått læreplass i år.

Vi ber om at det blir utlyst ½ gruppe i bilskade, lakk og karosseri.

VG1 TIP Nordfjord

VG2 transport og logistikk skal i framtida rekruttere i frå VG1 teknikk og industriell produksjon (VG1 TIP) og ikkje frå VG1 service og samferdsel.

Bilbransjens opplæringskontor meiner at ein må auke opp tal elevar på VG1 TIP for å gje plass til «transportfagelevane».

Bilbransjen i Sogn og Fjordane har tidlegare peika på at «TIP bedriftene» i indre Nordfjord fekk eit svakare rekrutteringsgrunnlag etter at VG1 TIP blei lagt ned i Stryn. I lys av dette meiner vi at beste løysing er å få på plass ein VG1 TIP klasse i Stryn.

VG1 TIP Sunnfjord

Vi ser og at det i Sunnfjord er underskot på elevplassar på VG1 TIP i forhold til plassar på VG2 i dette utdanningsprogrammet. Nå vi og ser at det og er mange som ikkje kjem inn på VG1 elektrofag så trur vi at ein anten må auke opp med plassar på VG1 TIP og/eller VG1 elektrofag. Vi minner om at VG1 elektro har kryssløp til fleire at TIP faga.


Hindrar vi elevar i å kome inn på yrkesfag?

Kva skjedde med dei 44 primærseekjarane som ikkje kom inn på VG1 elektrofag? Er det slik at desse vel vekk yrkesfag til fordel for studiespesialisering? I så fall er dette dårleg for fleire bransjar i fylket.

Helsing

Bilbransjens opplæringskontor AS
Sogn og Fjordane

Roald Standnes
Bilbransjens opplæringskontor



Sogn og Fjordane fylkeskommune
v/opplæringsavdelinga

29. september 2018

Opplæringstilbodet 2019 – 2020, og konsekvensar av ny yrkesfagleg struktur.

Under følgjer våre innspel til opplæringstilbodet 2019-2020.

1. Vg1 Teknikk og industriellproduksjon

På bakgrunn av at også Vg2 Transport og logistikk skal rekruttere frå Vg1 TIP i ny yrkesfagleg struktur, ser vi det som heilt naudsynt å auke tal plassar på Vg1 TIP i Nordfjord. Ein prekær rekrutteringssituasjon for våre TIP bedrifter vil eskalere ytterlegare i tida som kjem når det framover blir endå fleire Vg2 tilbod som konkurrerer om elevane frå Vg1 TIP.

Årets rekruttering har vore særst utfordrande fordi det har vore få elevar i høve tal læreplassar. Dette føyer seg inn i eit mønster som gjere seg tydelegare frå år til år. Halvparten av våre nye TIP-lærlingar har i år blitt henta frå andre delar av fylket, og frå Møre og Romsdal. Vi er særst glade for at ein har lukkast med å fylle opp læreplassane, og at desse flotte lærlingane har fått spennande læreplassar. Samtidig kan ein spørje seg om dette er det rette alternativet for næringslivet vårt på sikt. Vi veit at svært få av dei som kjem «utanfrå» blir i bedriftene etter læretid.

I den grad lærlingordninga er meint som ei ordning som skal sikre framtidig rekruttering til bedriftene, så er ikkje denne utviklinga heldig. Slik tilfanget på lærlingar er i dag vil det på sikt gi endå større utfordringar for bedriftene våre å rekruttere arbeidskraft lokalt.

Våre medlemsbedrifter innan TIP-feltet: Stryvo, Nomek, Innvik, Pretre, Nordfjord Kjøtt, Ekornes, Easyform, Brødrene AA og Nordvestvinduet vil i tida framover ha behov for mellom 15 til 20 lærlingar årleg frå Vg2 Industriteknologi. I tillegg kjem bedrifter i Nordfjord som anten er knytt til andre opplæringskontor eller er frittstående lærebedrifter. Vi er i stort underskot på elevar i høve tal læreplassar!

Slik vi ser det ei oppretting av eit Vg1 TIP tilbod i Stryn vere eit naudsynt grep for å sikre rekruttering til dei ulike Vg2 løpa i Nordfjord, og heilt avgjerande for å sikre at bedriftene får tak i den kompetansen, og dei lærlingane dei treng i framtida.

2. Vg4 Påbygging til generell studiekompetanse etter yrkeskompetanse

Vi meiner at «Vg4 Påbygging til generell studiekompetanse etter yrkeskompetanse» er eit studium som ein bør tilby både i Nordfjord, Sunnfjord og Sogn. Vårt nabofylke Møre og Romsdal tilbyr no dette studiet på 15 skular! Alle våre lærlingar som i dag går eller skal gå vidare på dette studiet har søkt seg over fylkesgrensa til Møre og Romsdal. Dette skyldast i stor grad at tilbodet ikkje finnast i Nordfjord, og at avstandane til høvesvis Volda og Ålesund er mykje kortare enn tilbodet dei blir tilbydd i eige heimfylke, samt at det er meir attraktivt å ta studiet der.

Tilbodet fungerer etter vår meining ikkje slik det er lagt opp i dag, og det er dumt at ungdomane ikkje kan få ta dette studiet i sitt nærområde. Om lærlingane kunne tatt dette studiet i nærområdet sitt vil mange òg kunne halde fram å jobbe i lærebedriftene under Vg4 utdanninga si.

Vi ser det som sjølvsagt at Sogn og Fjordane til liks med nabofylka våre skal tilby dette studiet ved fleire skular, og meiner at tilbodet bør opprettast på ein skule i kvar region som allereie tilbyr Vg3 Påbygg. Slik tilbodet er lagt opp i dag, eksporterer vi ungdommen ut av fylket.

3. Vg1 Elektrofag

Nordfjord opplæringskontor meiner det framleis er behov for tre VG1 klasser elektro i Nordfjord. Dette for å sikre nok rekruttering til Vg2 løpa, og nok lærlingar ut til våre bedrifter på sikt. Slik vi ser næringslivet i Nordfjord, vil vi oppleve ei auke i behovet på lærlingar innan dataelektronikk og spesielt automasjon i åra som kjem, og som formidlingstala viser så vil vi klare å få desse ut i lære.

Med vennleg helsing
for Nordfjord opplæringskontor

sign.
Tom-Øyvind Solheim

sign
Leif Johnny Endal

Sissel Brusegård

Fra: Inge Jarl Auestad <ija@maropp.no>
Sendt: torsdag 27. september 2018 15:37
Til: Sissel Brusegård
Kopi: Frode.Kjelkenes@fjord1.no; Torunn Lied Giske; Geir Fridtjof Foldøy
Emne: Dimensjonering på VG2 Maritime fag

Oppfølgingsflagg: Følg opp
Status for flagg: Flagget

Hei

Maritimt Opplæringskontor opptekne av at det framleis må utdannast sjøfolk frå Sogn og Fjordane. Me vil difor be dykk om å minimum oppretthalda, og gjerne auke, elevtalet på Vg2 Maritime fag i fylket. I år fekk me ikkje tak i nok lærlingar til dei ledige læreplassane i våre reiarlag, spesielt gjeld dette på matros-sida.

Maritimt Opplæringskontor Sør/Vest Norge har kontor i Haugesund, men har distrikt frå Florø til Kristiansand. Me tek kvart år inn over 100 nye lærlingar, i år 135. Dei største lærefaga våre er matros og motormann, og lærlingane kjem ut frå Vg2 Maritime fag. Fjord1 er vårt medlemsreiarlag i Sogn og Fjordane, dei er ein av landets største reiarlag på antal lærlingar. Dei ynskjer at ennå fleire av desse skal kome frå Sogn og Fjordane. Me tek sikte på å auke talet på lærlingar til neste år, og er difor avhengige av det kjem nok søkjarar ut frå Vg2 Maritime fag.

Det vil altså vere behov for mange lærlingar på ferjene i fylket, men også i andre reiarlag som driv andre typar fartøy. Erfaring viser at mange som segler ut på dei sju hav i ung alder, ofte ynskjer å arbeide nærare heimen når dei har etablert seg med heim og familie. Då er ferjene i Sogn og Fjordane særskilte aktuelle arbeidsplassar for sjøfolk med adresse i fylket.

På bakgrunn av ovanforståande vil me be dykk, så sant der er nok søkjarar, om heller å auke talet på elevar på Vg2 Maritime fag enn å senka det. Det er og fleire opplæringskontor som tek ut lærlingar frå Måløy vidaregåande skule, mellom anna Opplæringskontoret for Maritime fag i Ålesund, Opplæringskontoret for fiskeri- og havbruksfag på Raudeberg, og Forsvaret.

Lukke til med dimensjoneringa for neste skuleår!

Mvh
Inge Jarl

Inge Jarl Auestad
daglig leder
Maritimt Opplæringskontor Sør/Vest Norge
Telefon: +47 52 70 89 22
Mobil: + 47 926 24 734
www.maropp.no

«God start på maritim karriere»



OPPLÆRINGSKONTORET
FOR ANLEGG-
OG BERGFAGENE

Dimensjonering av skuleplassar 2019 - 2020.

OKAB er klar på at det må aukast opp med ei gruppe på 12 elevar i Vg2 Anleggsteknikk.

Det har dei siste åra vore ei oversøking av elevar til Vg2 Anleggsteknikk. Alle kvalifiserte elevar som går ut frå Vg2 Anleggsteknikk har fått og får læreplass.

Det er no tatt inn fleire lærlingar som har feil Vg2 som igjen fører til lengre læretid og meir kostnad for fylkeskommunen og dei tar opp eit års læreplass ute i bedriftenne. Det er også blitt ein auke med lærlingar som velger 1+3 løp når dei ikkje kjem inn på Vg2 Anleggsteknikk

Det er eit stort behov for lærlingar i anleggsbransjen og det er no krav frå oppdragshavar at det skal ver lærling i alle prosjekt.

Det er svært viktig at fylket aukar frå 3 til 4 grupper i Vg2 Anleggsteknikk.

Styreformann

Thomas Østerbø

Dagleg leiar

Jan Erik Øygard

Sissel Brusegård

Fra: Nils Arne Ødegård <nilsarne@byggopp.no>
Sendt: laurdag 29. september 2018 17:08
Til: Sissel Brusegård
Kopi: Nilsarne
Emne: Dimensjonering av klassar innan Bygg-og anleggsteknikk 2018.2019.pdf
Vedlegg: Dimensjonering av klassar innan Bygg-og anleggsteknikk 2018.2019.pdf

Oppfølgingsflagg: Følg opp
Status for flagg: Flagget

Hei!

Her kjem
Dimensjonerings forslag for Byggopp innan bygg –og anleggsfaga (sjå vedlegg)

Til ny struktur har vi pr dato følgjande innspel

Bør vere både VG2 Betong og VG2Tømrarfag ved Sogndal VGS og Øyrane
Måløy, Flora og Stryn burde ha ein kombimodell mellom VG2 Betong og VG2 Tømrar slik at distriktet ikkje mistar
mogelegheita for VG2 Betongfag. Her kan Byggopp samarbeide med Fylket og skulane slik at det vert praktisk
opplæring i bedrift liknande ein vekslingsmodell.
Stryn VG kan kanskje vurderast med 1 klasse både i VG2 Betong og VG2 Tømrar

VG2 Røyrleggarfaget og VG2 Ventilasjon, kobbar og membran faget bør vurderast særskilt
Vi bør oppretteholde 2 VG2 Røyrfag klasser og 1 klasse innan VG2 Ventilasjon, kobbar og membran faget, kvar desse
linjene bør/skal ligge bør bransjeforeiningane og lærebedriftene seie noko om

Med vennleg helsing

Nils Arne Ødegård
Opplæringsleiar



Dimensjonering av klassar for Bygg-og anleggsteknikk skuleåret 2018/19

I Bygg-og anleggsfaga er det stor mangel på arbeidskraft og lærlingar.

Dette gjelder alle våre fag, men spesielt stort innan Betong, tømrrar og røyr, men også innan mindre fag som malerfag og vent og blikk er det mangel på fagarbeidarar.

Vi har også fått eit nytt fag innan denne retninga som heiter Byggdriftarfaget.

Sogndal Vg Skule

VG1 Bygg-og anleggsteknikk	4 klassar
VG2 Byggfag	2 klassar
VG2 KEM	1 klasse
VG2 Anleggsteknikk	1 klasse

Florø Vg Skule

VG1 Bygg-og anleggsteknikk	2 klassar
VG2 Byggfag	1 klasse
VG2 KEM	1 klasse

Stryn Vg Skule

VG1 Bygg-og anleggsteknikk	1,5 klassar
VG2 Byggfag	1 klasse

Her er det viktig at vi tek inn fleire elevar på VG1 da erfaringa frå dette distriktet viser at mange søker Vg2 anleggsteknikk og delvis VG2 Kem. Med denne lekkasjen vert grunnlag for VG2 i Stryn veldig svekka og vi kan da risikera at dette tilbodet ikkje vert sett i gang . Dette må vi unngå da behovet for VG2 Byggteknikk i dette området er stort i lokalt næringsliv.

Måløy Vg Skule

VG1 Bygg-og anleggsteknikk 1 klasse

VG2 Byggfag 1 klasse

Mo og Øyrane Vg Skule

VG1 Bygg-og anleggsteknikk 5 klassar

VG2 Byggfag 2 klassar

VG2 Anleggsteknikk 2 klassar

Her er det viktig å ta vare på den store søkninga på VG1 Bygg-og anleggsteknikk slik at vi danner eit godt grunnlag for VG2 til neste år.

Her er det viktig å presisere at BYGGOPP med våre 160 medlemsbedrifter ikkje kan gå inn for 2 klassar på VG2 anleggsteknikk om dette går på bekostning av ein VG2 Byggteknikk klasse utover det totale forslaget me sender inn. OKAB er så klare på at behovet for 3 klassar totalt på VG2 Anleggsteknikk er til stades og at det er rikelig med læreplassar. Med denne bakgrunnen går BYGGOPP inn for dette tilbodet og støttar auken frå 2 til 3 VG2 Anleggsteknikk klassar.

Emne: VS: Møte arb.utv. og opplæringsk. 27.sep INNSPEL

Fra: Bjarte Heggheim <bjarte.heggheim@nelfo.no>

Sendt: måndag 1. oktober 2018 12:25

Til: Sissel Brusegård <Sissel.Brusegard@sfj.no>

Emne: SV: Møte arb.utv. og opplæringsk. 27.sep INNSPEL

INNSPEL OPPLÆRINGSTILBOD 2019-2020

STATUS

Elektrobedriftene i Sogn og Fjordane har stort behov for faglært arbeidskraft. Denne situasjonen har vore slik over lengre tid.

Som konsekvens av dette tek våre lærebedrifter inn forholdsvis mange lærlingar sett i forhold til Nelfos medlemsbedrifter på landsbasis og mot andre fag i eige fylke.

Dersom ikkje tilgangen til ferdig utdanna fagarbeidarar betrar seg, vil vi ha behov for om lag same talet lærlingar som vi har hatt dei siste åra. Ein auke er ikkje forsvarleg utifrå kvaliteten på opplæringa i kvar enkelt bedrift.

Det er ikkje til å legge skjul på at dårleg tilgang på faglært arbeidskraft både hindrar vekst i bransjen og kapasitet på å kunne ta inn fleire lærlingar.

Det har dei to siste åra vore utlyst vg3 tilbod elektro som er lite gunstig. Vi ser at mange av desse elevane får lærekontrakt til slutt anten i løpet av vg3 året eller like etter. Vi ser at desse elevane kjem i konkurranse med påfølgande kull ut frå vg2. Situasjonen er då slik at ein får eit etterslep på grunn av ei overdimensjonering av tilbodet på vg2 el-energi med 7.klassar som vi hadde nokre år. Vi reknar med at dette vil stabilisere seg når ein no har 6klassar vg2 el-energi dei seinare år.

TILBOD

Vg1 Elektrofag:

Interessa for innsøking på elektrofag er høg, men tilbodet bør ikkje aukast dersom ein tek utgangspunkt i at elektrobransjen åleine skal ta ansvaret for vidare læreløp.

Dersom ein vil vurdere å auke tal elevplassar på vg1 må dette vere grunngjeve i kalkulert avskaling, omval, eller aller helst kryssløp til andre fag.

For å dra nytte av høg interesse på vg1 elektro bør ein marknadsføre moglegheitene i kryssløp for å auke rekruttering til andre fag som har større potensiale for å ta inn lærlingar. Eksempelvis Køyretøy og ind.teknologi.

Det kan vere ein nyttig studie og finne ut kva som vart vegen vidare for dei elevane som ikkje kom inn på vg1 elektro.

Dersom desse elevane hamna på studiespesialisering, er det lite bra med tanke på bransjar som har stort behov for lærlingar. (Stikkord her: kryssløp.) Vi treng elevane på yrkesfag, bør tilbodet på studiespes. reduserast?

Vg2 Elenergi:

Tilbodet med seks klassar vg2 elenergi meiner vi er riktig dimensjonert. Vi har pr i dag to klassar i Sunnfjord, det bør det og vere i framtida, men den må vere fast på ein plass for å vere forutsigbar både for lærarkrefter, fagmiljø og innsøking.

I spørsmålet om lokalisering av denne klassa må ein ta omsyn til langsiktig behov i næringslivet i området og ikkje søkjarane si adresse som varierer frå år til år. Vi ønskjer stabilitet i tilbodet på skulane.

Automasjon:

Tilbodet bør vere som i dag. 2.klassar. Men ein må vere obs på at rekrutteringa til automasjon kan «ete» av rekrutteringsgrunnlaget for Elenergifaget som har langt større potensiale for læreplassar.

Data og Elektronikk:

Ein bør vurdere å samle data og elektronikk tilbodet slik at ein har moglegheit til å ta vg1, vg2 og vg3 på same skule. I lokaliseringsspørsmålet må ein sjå til det lokale næringslivet og læreplassar totalt sett.

Med venleg helsing
Bjarte Heggheim – Regionsjef
tlf- 99 71 44 74



OFEL – Opplæringskontoret for elektrofag i Sogn og Fjordane

Firdavegen 6 | Postboks 781 | 6805 Førde

<http://www.nelfo.no> | <http://www.OKSU.no> |

Lik oss på <https://www.facebook.com/ofelsfj> 



Sissel Brusegård

Fra: Hans Børge Lillehaug
Sendt: måndag 1. oktober 2018 07:59
Til: Sissel Brusegård
Kopi: Henrik Oppen
Emne: OKOS - uttale dimensjonering

Oppfølgingsflagg: Følg opp
Status for flagg: Flagget

Sekretariat fagopplæringsnemnda
v/Sissel Brusegård

Mo og Øyrane vgs. fekk for skoleåret 2018/19 auka Vg1 Helse og oppvekst med ein ekstra klasse.

Det kan derfor vere naturleg å sikre ei vidareføring på Vg2 tilpassa signaler frå mellom anna Helse Førde HF om framtidig behov for lærlingar.

Mvh,

Hans-Børge Lillehaug

Opplæringskontoret for offentlig sektor i Sogn og Fjordane
daglig leder
90 61 79 79
Firdavegen 6 (Concord), Pb.57, 6801 Førde
www.okosweb.no



Opplæringskontoret for industri- og teknologifag

Sogn og Fjordane fylkeskommune

Fagopplæringsnemnda og Opplæringsavdelinga

Fråsegn opplæringstibodet 2019 – 2020

Førde 28.09.2018

Generelt

Lågare ungdomskull gjer til at rekruttering til næringslivet er blitt ei utfordring.

Vi stiller oss spørsmål om dei 44 primærsekarane som ikkje kom inn på vg 1 elektro valte studiespesialisering framom anna yrkesfagleg utdanning ? er dette noko det er grunn til å sjå nærare på ?

Vi er blitt invitert til å gje vår fråsegn med blikk mot 2020 og ny struktur i utdanningane.

Fleire fag rekrutterer frå Teknikk og industriell produksjon – TIP i ny tilbodsstruktur.

For vg 1 Teknikk og industriell produksjon - TIP betyr ny utdanningsstruktur at endå fleire fag skal rekruttere frå TIP, Transportfag, logistikk, gjennvinningsfaget og reinhaldsfag vil i framtida rekruttere frå TIP i tillegg til dei faga som vert rekruttert frå vg 2 Industriteknologi. Dette må takas omsyn til.

Eit aukande behov for rekruttering til Norges største industri, industriell næringsmiddelfag vil komme som eit behov i dei kommande åra, faga det vert rekruttert til er blant anna produksjonsteknikk som rekrutterer frå vg 1 TIP og vg 2 Industriteknologi. I Sogn og Fjordane har vi fleire store næringsmiddelindustri bedrifter som har auka sitt fokus på å rekruttere gjennom lærling ordninga.

Det er eit aukande fokus på bruk av miljøvenleg materiale i møblar, vindu, industrisnekkerfaget vil bli med vidare i ny struktur og det er venta auke i behovet for fagfolk. Dette er eit fag som blant anna rekrutterer frå vg 1 TIP og vg2 industriell møbelproduksjon.

Plast og kompositt er eit materiale som vert nytta meir og meir i framstilling av båtar, deler til industri mm. Enten det vert eige fag i framtida eller fordjuping i anna fag vil det rekruttere frå vg 1 TIP.

Generelt er det eit aukande behov for automatikkar faget i industrien, på grunn av meir automatisering og robotisering.

Studeitilbodet 2019 – 2020

Vi meiner det er behov for å auke opp antall klassar på vg 1 teknikk og industriell produksjon.

Det er viktig å vidareføre og jobbe aktivt for å auke antall søkarar til vg 2 industriell møbelproduksjon og meiner det må vidareførast vg 2 industriell møbelproduksjon ved Eid vgs.

Det er eit aukande behov for fagarbeidere i salsfag og kontor og administrasjons fag.

Vi meiner Mo og Øyrane og Flora vgs bør tilby Vg 1 service og samferdsle og vg2 sal, service og sikkerhet . Dersom Mo og Øyrane i tillegg meiner det er riktig å vidareføre YSK støttar vi det.



Opplæringskontoret for industri- og teknologifag

Rekruttering til salsfag og kontor og administrasjonsfaget. Det har vore vanskelig å finne nok lærlingar spesielt til salsfaget, det kan virke som at kandidatane som tek denne utdanninga er mindre mobile enn andre. Det ser ut til at dei vel vg 3 påbygg framom læreplass når dei må flytte frå sin region for å få læreplass.

Mangel på lærlingar i år

I møte med arbeidsutvalet til fagopplæringsnemnda vart vi oppmode til å talfeste kor mange ledige læreplassar vi framleis har i år. Nokre bedrifter er svært opptatt av lokal rekruttering og har difor kun ledig dersom det er lokal ungdom som søker. Dette gjer det litt vanskeleg å være heilt konkret.

Vi manglar lærlingar i Sunnfjord, Ytre og Indre Sogn.

Som vanleg manglar vi lærlingar i kjemiprosessfag og produksjonsteknikk (når bedriftene ikkje får søkere i kjemiprosess vel dei produksjonsteknikk som alternativ)

Vi manglar 13 (15) lærlingar som rekrutterast frå vg 2 industriteknologi, 2 lærlingar frå vg 3 automatikkar, 1-2 frå vg 3 dataelektronikar , 2-3 til logsitikkfag , rekruttert enten frå vg 2 transportfag eller frå vg2 industriteknologi – kryssløp.

Frå vg 2 Sal servise og samferdsle 5-6 i salsfag .

Dette er forsiktige tall.

Med helsing

Jorunn Eide Kirketeig

DL

PRO Opplæringskontoret for industri – og teknologifag

Kontor og administrasjonsfag og salsfaget

Førde, 25.09.2018

Sogn og Fjordane Fylkeskommune

Askedalen 2

6863 Leikanger

Kva betyding har ei god transportutdanning for fylket vårt? Skulestrukturen 2019 - 2020

For å kunne utføre det persontransporttilbodet det er behov for i Sogn og Fjordane dei neste fem åra, vil det vere behov for 30 – 40 nye sjåførar/lærlingar Pr år.

På lengre sikt vil dette behovet vere betydeleg større. I same periode vil lastebilnæringa likeeins ha behov for omlag det same tal nye sjåførar/lærlingar.

Skal ein ha eit opplæringstilbod for dette faget, er ein nøydd til å vidareføre med tre Vg 2 klassar innan Transport og Logistikk i Sogn og Fjordane. Tilboda bør leggst til Førde, Sogndal og Stryn. Næringa har eit stort behov for lærlingar, og tek i mot alle som kvalifiserer seg. Transportutdanninga sin vidare eksistens vil såleis ha stor betyding for næringslivet. Dette gjeld ikkje berre for transportnæringa, men for all næring i fylket.

Det er og viktig å auke opp kapasiteten på VG1 TIP, då transport og logistikk frå 2020 blir flytta til TIP. Vi ser det største behovet med å få ein TIP klasse i Stryn, det er og behov for å auke kapasiteten ved Mo og Øyrane.

Transportutdanninga er viktig for fylket som næring og arbeidsplass. Vi har mange store aktørar både innan persontransport og godstransport i Sogn og Fjordane. I tillegg er det og slik at dersom vi ikkje har eit godt utdanningstilbod innan transportfag i fylket, vil ikkje anna næring eller busetnad få dekkja sine nødvendige behov.


På sikt vil det vere med å gjere fylket mindre konkurransedyktig som bu og arbeidsområde. I tillegg vil ei viktig næring kunne få store driftsvanskar då tilgang til sjåførar er avgjerande for drifta.

Det er svært viktig for næringa at det er ro kring kva tilbod som vert lyst ut.

Skal ein i Sogn og Fjordane satse på ei levedyktig transportnæring også i framtida, må ein behalde dagens utdanningstilbod med tre klassar.

Med helsing

Opplæringskontoret for Transport og logistikk



Rune Apneseth

-dagleg leiar-



SOGN OPPLÆRINGSKONTOR

Vår dato
01.10.2018

Vår referanse

Vår sakshandsamar
Anne Kauppi

Dykkar dato

Dykkar referanse

Opplæringstilbudet 2019 – 2020, og konsekvensar av ny yrkesfagleg struktur.

Under følgjer våre innspel til opplæringstilbudet 2019-2020.

1. Vg1 Teknikk og industriell produksjon

På bakgrunn av at også Vg2 Transport og logistikk skal rekruttere frå Vg1 TIP i ny yrkesfagleg struktur, ser vi det som heilt naudsynt å auke tal grupper/klassar på Vg1 TIP i Sogn. Det er allereie for få elevar som vel VG2 Industriteknologi og VG2 Kjemiprosess, og dette vil eskalere ytterlegare i tida som kjem når det framover blir endå fleire Vg2 tilbod som konkurrerer om elevane frå Vg1 TIP.

Dette året kunne SOK sine lærebedrifter ha teke inn langt fleire lærlingar frå VG2 Industriteknologi (produksjonsteknikk og grafisk produksjonsteknikk) og VG2 kjemiprosess. Berre Hydro Årdal aleine manglar 7 lærlingar dette året.

I den grad lærlingordninga er meint som ei ordning som skal sikre framtidig rekruttering til bedriftene, så er ikkje denne utviklinga heldig. Slik tilfanget på lærlingar er i dag vil det på sikt gi endå større utfordringar for bedriftene våre å rekruttere arbeidskraft lokalt.

Våre medlemsbedrifter innan TIP-området: Hydro Årdal, Norsun, Impec, HMR Hydeq, Bilfinger, Lerum, Hydro Energi, ECO-Energi vil i tida framover ha behov for mellom 10 og 15 lærlingar årleg frå Vg2 Industriteknologi, og 12 lærlingar årleg frå Vg2 Kjemiprosess og laboratoriefag. I tillegg kjem bedrifter i Sogn som anten er knytt til andre opplæringskontor eller er frittstående lærebedrifter. Vi er i stort underskot på elevar i høve tal læreplassar!

2. Andre yrkesfaglege utdanningsprogram

SOK sine medlemsbedrifter får stort sett den lærlingerekutteringa dei treng frå dei andre yrkesfaglege utdanningsprogramma.

For å oppretthalde dette, treng me at fleire vel yrkesfag når dei startar på vidaregåande utdanning.

Med venleg helsing

Anne Kauppi (s)
Dagleg leiar
Telefon: +47 911 20 643 | E-post: anne@sognok.no

Postadresse
Sogn Opplæringskontor
Postboks 213
6882 Øvre Årdal

Besøksadresse
Farnesvegen 32, Øvre Årdal
Epost: anne@sognok.no

Telefon
911 20 643
Web
www.sognok.no

Foretaksregisteret
997 023 234



**MASKIN-
ENTREPRENØRENE
FORBUND**

Sogn og Fjordane fylkeskommune
Askedalen 2
6863 Leikanger

Att.: Sissel Brusegard

e-post: sissel.brusegard@sfj.no
(Brevet sendast kun elektronisk)

Stad/dato: Sogndal, 01.10.2018
Dykakr ref: Sak nr. 18/7760-8
Vår ref: POB20181001_Oplæringstilbudet 2019-2020

Opplæringstilbudet for skuleåret 2019 – 2020 – konsekvensar av ny yrkesfagleg struktur.

Maskinentreprenerenes Forbund (MEF) har motteke kopi av høyringssvar frå Opplæringskontoret for anlegg- og bergverksfaga (OKAB) i Sogn og Fjordane vedrørende opplæringstilbudet for skuleåret 2019 – 2020 – konsekvensar av ny yrkesfagleg struktur, og tillèt oss å kome med våre innspel til dette også.

Som kjent er det pr. i dag 36 skuleplassar fordelt med 24 plassar ved Mo og Øyrane vidaregåande skule og 12 ved Sogndal vidaregåande skule.

Med endringa i forskrift om offentlege innkjøp, og forskrift om plikt til å stille krav om bruk av lærlingar i offentlege kontraktar, begge av 01.01.2017, som det igjen blir gjeldande i offentlege tilbod. Det betyr at både myndighetene og offentlege byggherrar har lagt opp til ein aukande satsing på bruk av lærlingar i utføringa av offentlege kontraktar, som igjen gjev auka behov for lærlingar i anleggsbransjen.

Med den omfattande satsinga på samferdsel vi har i Noreg pr i dag, ser vi allereie no at mange av dei som har gått VG2 anleggsteknikk får læreplassar utanfor fylket. Dette heng saman med auka krav om lærlingar i offentlege kontraktar og dei spesifikke krava som Nye Veier AS set i sine kontraktar, der dei har ein målsetting om minimum 7 % lærlingar i utføringa av sine prosjekt. I tillegg kjem ordinære utbyggings prosjekt på riks- og fylkesvegar, samt kommunale og private utbygging. Dette inneber at det blir færre potensielle lærlingar frå VG2 anleggsteknikk til våre medlemsbedrifter. Vi ser og at mange av lærlingar i våre medlemsbedrifter kjem frå andre opplæringsløp enn VG1 bygg og anlegg og VG2 anleggsteknikk. Ser ein dette i samanheng med ny yrkesfagleg struktur frå skuleåret 2020-2021 vil det innan VG2 anleggsteknikk kome nye programområde med fagbrev. Det betyr at behovet for lærlingar for fagområda innan anleggsteknikk vil auke frå 2020/2021, og derfor meiner vi at antal skuleplassar på VG2 Anleggsteknikk må aukast.

MASKINENTREPRENØRENE FORBUND

Org nr.: 980 037 541

Hovedkontor
Postboks 505 Sentrum
0105 Oslo
Fred Olsensgate 3
0152 Oslo
Telefon: 22 40 29 00
Telefaks: 22 33 31 89
firmapost@mef.no

www.mef.no

REGION ØST

Hedmark
Oppland
Østfold
Oslo/Akershus
Adr. og tlf. se
MEF hovedkontor

Distriktkontor
Hedmark
Oppland
Stolvstadvegen 1
2360 Rudshøgda
Tlf. 958 72 000

REGION SØRØST

Buskerud
Vestfold
Telemark
Broen 6
3170 Sem
Telefon: 33 35 99 90

REGION SØRVEST

Agder
Sør-Rogaland
Kongensgate 24
4610 Kristiansand
Telefon: 958 38 000

REGION VEST

Nord-Rogaland
Hordaland
Sogn og Fjordane
Eidsvågbakken 1
5105 Eidsvåg
Telefon: 994 28 900

REGION MIDT

Møre og Romsdal
Sør-Trøndelag
Nord-Trøndelag
Hornebergveien 1
7038 Trondheim
Telefon: 948 78 000

REGION NORD

Nordland
Troms
Finnmark
Boks A4,
Stakkevollveien 41
9010 Tromsø
Telefon: 77 62 44 22

Distriktkontor
Nordland
Sandgata 5A
8006 Bodø
Telefon: 958 45 050

SEKSJON RESSURS OG MILJØ

Fagavdelingene
Skog
Brønn og spesialboring
Gjenvinning og avfalls-
håndtering
Postboks 505 Sentrum
0105 Oslo
Fred Olsensgate 3
0152 Oslo
Telefon: 22 40 29 00

Pr i dag er det om lag 90 lærlingar i våre medlemsbedrifter i Sogn og Fjordane gjennom OKAB, hovudsakleg innan anleggsfaga. I tillegg kjem ein del lærlingar innafor dei same fagområda gjennom andre opplæringskontor som og rekrutterer frå dei sama skulane.

Vi i MEF er sjølvsagt positive til at byggherrane stiller krav til at bransjen har lærlingar, og er også oppteken av å sikre oss kvalifisert arbeidskraft gjennom lærlingordninga utan offentlege krav.

Vi ber med dette om at Sogn og Fjordane fylkeskommune etablerer minst 24 nye skuleplassar på VG2 Anleggsteknikk for skuleåret 2018 – 2019.

Maskinentreprenørenes Forbund (MEF) er ein frittstående bransje- og arbeidsgjevarorganisasjon som representerer ca. 2100 små, mellomstore og store bedrifter med ca. 30.000 arbeidstakarar. Hovudtyngda av medlemsbedriftene driv med maskinell anleggsverksemd, men forbundet organisera også skogsentreprenørar, brønnborarar og gjenvinnings- og avfallsbedrifter. Samla omset medlemsbedriftene for ca. 80 milliardar kroner i året. Forbundet har eigen hovudavtale med LO samt to landsdekkande tariffavtalar. MEF står utanfor NHO.

MEF region vest innehar 304 medlemsbedrifter fordelt med 101 bedrifter i Sogn og Fjordane og 203 bedrifter i Nord Rogaland og Hordaland.

Med venleg helsing
Maskinentreprenørenes Forbund (MEF)
Region Vest


Paul Olaf Baraas
Regionsjef

Harald Kvame
Styreleiar MEF avd. S og Sj.
«sign»

Kopi:
Dagleg leiar OKAB S og F. Jan Erik Øygard
Styreleiar OKAB S og Fj. Thomas Østerbø